

Radøy Kommune,
Plan & bygg avdeling,
Radøyvegen 1690,
5936 Manger.

Manger 3 juni 2014.

Søknad om dispensasjon G. nr. 45 B. nr. 274, oppsetting av mur.

Viser til samtale med Hogne Askeland med fleire på dykkar kontor.

Då eg kjøpte denne eigedomen i 2008 var terrenget i ferd med å gli ut grunna naboen si senking av terreng tidlegare, då han bygde veg til sitt hus på Opplysningsvesenets eigedom, G.nr. 45. B.nr 1.

Som eit tiltak mot dette, sette eg opp ein mur på min eigedom, men visste ikkje då at dette var eit søknadspliktig tiltak, avdi den var meir enn 50 cm. høg.

Naboen som no har kjøpt vegparsellen var vel vitande om dette og samd i alt eg gjorde, inntil han fekk hand om vegparsellen. Då endra alt seg.

Hadde ikkje han senka vegen då han bygde denne, ville eg heller ikke kome i den situasjon som no har oppstått.

Høgden på min mur, har direkte samanheng med hans senking av terreng.

Vegtilkomst er no fremma for vegskjøn, der eg har sett meg nødd til på bruka advokat.

I salgsprospekt på eigedomen står det; «tilliggende rettigheter/tilknytninger»; Fra hovedveien går det en stikkvei langs eiendommen. Denne har G.nr. 45. B.nr 1 og tilhører hovedbruket.

Dette oppfatta eg som at eg hadde bruksrett i denne tilliks med dei andre tilstøtande eigedomane som naturleg høyrde inn under denne vegen.

Eg ber difor om dispensasjon for denne muren og at den kan verta stående. Slik eg ser det, er den ikkje til hinder for nokon, samstundes som den har nytteverdi for meg.

Naboen sin mur attmed min, har derimot ingen funksjon.

Manger 3 juni 2014,


.....
Edgaras Mocalovas